

Jens vil ikkje til Granvin

■ Arbeidarpartiet i Granvin har lagt ned alle politiske verv, og krev at statsministeren personleg kjem til bygda for å fortelja kvifor regjeringa vil byggja kraftline gjennom Hardanger. Inntil det skjer, ligg partiarbeidet nede.

■ - Me løyser ikkje usemje i partiet gjennom krav om at statsministeren innfinn seg, seier statssekretær Mina Gerhardsen ved Statsministerens kontor, og slår fast at Stoltenberg ikkje vil reisa til Granvin.

■ SV i Ulvik opplever masseutmeldingar av misnøgde medlemmer etter at regjeringa køyrer over lokale interesser og trumfar gjennom kraftlina frå Sima til Samnanger.

Side 2 & 3, leiar side 6, ordet fritt side 6 & 7



Ja til traktor

Vegvesenet gjer ein skikkeleg u-sving og vil no tillata traktor-køyring på stamvegen. Side 8



Hjelpe- arbeidaren

Å få hjelpa menneske i naud gjev livet meining for redningsmann Jan Erik Grande.

Side 10 & 11



Lever av belgen

Gladjenta Rannveig Djønnne trur ho er den einaste dama i landet som lever av toraderspel.

Siste side



KJÆR HOBBY: Alf Helge Søyland er lidenskapleg oppteken av hobbyen sin. Her haustar han ekte vossahonning på Ringheim. FOTO: DANIEL MELVE KVARME

Reiser 200 km i veka for vossahonningen

Kva får ein birøktar frå Bergen til å reisa til Voss minst ein gong i veka for å hausta honning? For å fa tak i den beste honningen så klart! - Bringebærhonningen frå Voss er ein svært ettertrakta og populær

honning. I tillegg er Voss ein gunstig stad å ha bier på, blant anna fordi her er eit stabilt vør, med fleire temperaturrekordar i fylket, seier Søyland.

Midten

BUSSTURER FRA VOSS

SVENSKESVIPP 26.7 - 3 dg. kun **2500,-**
SVENSKESVIPP 10.8 - 3 dg. kun **2500,-**
KØBENHAVN 24.8 - 4 dg. kun **3500,-**
ØSTERRIKE 21.9 - 10 dg. kun **8900,-**



HORDA-BUSS

REGULERT
TILSØTT
GARANTIFOND
RGF
-tlf.no-1900

Tlf. 55 18 34 08

VIKINGROCK i Gudvangen i dag

Sjå annonse om buss-skyss på side 19

Kakefest for arbeidsfolk

og kommunalt tilsette.

Side 4